

**Innspel til Fellesskoleutvalget frå Institutt for pedagogikk og livslang læring, NTNU
ved Odin Fauskevåg**

Styrking av danningsoppdraget

Målet til regjeringa er å ruste fellesskolen for framtida, og eit utgangspunkt er at skulen har eit to-delt samfunnsoppdrag: Å danne og å utdanne elevane. Hovudpoenget i dette innspelet er at nøkkelen til å kunne møte store samfunnsutfordringar – som demokrati, individualisering, klimaendringar, digitalisering og KI – er *å styrke og tydeleggjere skulen sitt danningsoppdrag*. I dagens læreplan står *kompetanse* sentralt, som det «gjennomgående begrep for det elevene skal lære» (NOU 2014:7). Men i møte med store samfunnsutfordringar er kompetanse ikkje tilstrekkeleg. Ved å sjå på nokre av utviklingstrekk som utfordrar fellesskolen, kan vi synleggjere kvifor eit tydelegare danningsoppdrag er nødvendig.

Danning, demokrati og klima

Kanskje dei to viktigaste utfordringane samfunnet står overfor, er å ta vare på demokratiet og å hindre store klimaendringar. Noko desse utfordringane har til felles, er at dei ikkje har individuelle løysingar. Aleine kan individet verken ta vare på demokratiet eller hindre klimaendringar. Dette er kollektive utfordringar som berre kan handterast i fellesskap. Og det å lære å sjå seg sjølv som del av ein heilskap, av eit fellesskap, er kjernen i danningsprosessar.

Danning er slik noko meir enn *kompetanse*, forstått som å anvende kunnskap til å «mestre utfordringer og løse oppgaver» (NOU 2015:8). Danning er også meir enn *sosialisering*, som det å gå i takt eller tenkje likt. Som Jon Hellesnes får fram, er kjernen i danning det å ha *ei sjølvstendig, reflektert forståing* av korleis eige liv inngår i ulike former for fellesskap og heilskapar. Ein måtte denne forståinga kjem til uttrykk på, er gjennom allmenn tenking og handling – evna til å sjå eigne individuelle handlingar som del av ei felles, kollektiv handling. Her ligg eitt svar på den «allmenningens tragedie» som demokrati og klimaendringar stiller samfunnet overfor: Individuelle handlingar – som det å delta i val eller gjere personlege «offer» for klimaet – blir i den store samanhengen *tilsynelatande* meiningslaus fekting i lufta. «Flyene går uansett,» heiter det. Men dersom ein lærer å sjå sitt individuelle samfunnsengasjement som del av eit kollektivt prosjekt fundert i eit fellesskap, kan engasjementet bli samfunnsendrande og meiningsfullt.

Danning handlar om å utvikle innsikt i dei allmenne dimensjonane til liva våre. Slik innsikt er ein nøkkel for at elevar skal utvikle vilje og engasjement for positiv samfunnsendring.

Danning, digitalisering og KI

Eit anna grunnleggjande utviklingstrekk i vår tid er digitalisering og KI. På samfunnsnivå skaper denne utviklinga både mogleheter og utfordingar. Men digitaliseringa legg også sterke føringar for barns moglegheit til *å leve gode liv*. Ein måte skulen kan møte denne utviklinga på, er å leggje vekt på digital kompetanse. Men det går an å sjå det annleis: Eit svar frå eit danningsperspektiv, kan vere at skulen bør legge større vekt på utvikling av det særeige ved menneske – altså dei delane av menneskelivet som digital teknologi *ikke* kan erstatte: evna til å handle, tenkte og føre eit liv i lys av *verdiar, ansvar og mening*.

Meir konkret kan ei slik ramme for opplæringa forståast som det å utvide dagens mål om *livsmeistring* til å inkludere mål om *livsmeining*: Livsmeistring handlar om kompetent handtering av vanskelege, tankar, relasjonar og praktiske utfordringar. Livsmeining handlar om å gje livet eit *innhald* – i form av verdiar, ansvar og meiningsfulle føremål som ein kan orientere seg etter.

Denne tanken om livsmeining som ei ramme for opplæringa, inneheld også eit mogleg svar på ønsket om *ein meir praktisk skule*: Skulen er praktisk dersom han, i tillegg til å utstyre elevane med kompetanse for å meistre *verda*, gir elevane tilgang til former for meining som er nødvendig for å orientere seg *i livet*. I den tyske danningstradisjonen (W. Klafki, M. Wagenschein) er eit sentralt poeng at slik livsmeining ikkje må bestå i abstrakt eller «filosofisk» innsikt; det er innsikter som kan formidlast gjennom den konkrete kunnskapen dei ulike skulefaga inneheld – i alt frå fysikk til historie. Føresetnaden er då at faga ikkje primært orienterast mot kompetanse, men også har danning som eit uttalt mål.

Eit eige rammeverk for danning

Hovudpoenget i dette innspelet er altså at fellesskulen kan rustast for framtida ved å styrke og tydeleggjere danningsoppdraget. To aspekt ved dette oppdraget er framheva: For det første danning som evna til å tenkje og handle kollektivt, som del av eit fellesskap. For det andre danning som utvikling av eit forhold til livsmeining, til verdiar, ansvar og meinung.

Danning og kompetanse heng saman. Men danningsoppdraget styrkast ved å tydeleggjere at dette oppdraget representerer *ei eiga, sjølvstendig ramme for opplæringa* – ei ramme som skildrar mål for elevane si utvikling som går ut over konkrete kompetansar.